

Møteinnkalling

Utvalg: **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen
nasjonalparkstyre**

Møtested: Lom/e-postbehandling

Dato: 05.02.2013

Tidspunkt:

Innkalling for behandling av hastesak via e-post.

Melding om dispensasjonssaka sendt medlemmene i AU som SMS, og alle tre meldte attende den 5/2 at dei var opne for å vurdere dispensasjon med rask avklaring.

Lom, 05.02.2013

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2013	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 2/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Bruk av snøskuter for transport av utstyr/personell til filmopptak - Bessheim Fjellstue AS		2013/904

Arkivsaksnr: 2013/904-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 05.02.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	2/2013	05.02.2013
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	2/2013	15.02.2013

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Bruk av snøskuter for transport av utstyr/personell til filmopptak - Bessheim Fjellstue AS**Forvaltar si innstilling**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får turistbedriftene Bessheim/Gjendesheim/Besseggen Fjellpark dispensasjon fra verneforskrift for Jotunheimen for bruk av snøscooter i samband med filming av ein sekvens til serien *Lillyhammer*.

Under føresetnad av at scenen som blir spela inn ikkje viser motoriserte framkomstmiddel, kan innspelinga profilere nasjonalparken og reiselivsdestinasjonen på ein positiv måte. Aktiviteten skjer heilt i utkanten av verneområdet, men bakgrunnen for scenen som skal illudere at hendinga skjer langt inne i villmarka blir langt betre om ein får krysse vernegrensa og trekke litt innover Gjende og vise fjella i bakgrunnen på ein meir spektakulær måte. Tiltaket vert vurdert å ha stor marknadsverdi for reiselivet. Samfunnssnytten vert såleis vurdert som stor, medan tiltaket har liten eller ingen innverknad på verneverdiane. Det har betyr lite i praksis om ein er rett utanfor eller såvidt innanfor nasjonalparkgrensa når det gjeld denne typen aktivitet i den mest trafikkerte brukssonen i parken. På denne årstida er aktiviteten til lita sjenanse for andre brukarar.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Dispensasjon for motorisert ferdsel gjeld for perioden 11.-12. februar og gjeld på austre del av Gjende, inntil ca 150 meter innanfor nasjonalparkgrensa
- Statens naturoppsyn og/eller fjelloppsynet i Vågå vil kunne inspirere aktiviteten etter behov. Det må gjevast melding om opptaksdato til SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) eller Vågå Fjellstyre (909 66 277).
- Omfanget av scootertransport må avgrensast til det som er strengt nødvendig for å gjennomføre gode opptak på ein effektiv måte, og er avgrensa til inntil 2 scooterar. Bessheim får ansvar for samordning av transporten og rapportering om aktivitet til forvaltninga i etterkant.

- Filmoptak som blir vist i produksjonen *Lillyhammer* skal ikke vise motoriserte framkomstmiddel, men formidle ei hending som skjer langt inne i villmarka.

Vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Eventuell klage skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast via nasjonalparkstyret innan 3 veker etter at brevet er motteke.

Saksopplysningar

Bessheim Fjellstue AS søker om løyve til motorferdsel litt innanfor grensa til nasjonalparken på Gjendeisen. Turistbedriftene som er vertskap for filmminnspelinga er eit samarbeid mellom Bessheim, Besseggen Fjellpark og Gjendesheim. Utdrag av søknaden:

«Vi vil søkje om å få køyre snøskuter ca 100 meter (maks 150 meter) inn i Jotunheimen Nasjonalpark ved Gjendeosen den 11 og 12. februar.

Det skal spelast inn scener til fjernsynsserien Lillyhammer ved Gjende og her på Bessheim den 11. og den 12. februar. Filmteamet treng skutertransport over Sjoa ved Gjendeosen for å bli køyrt dit dei har tenkt å spele inn scenene. Dette har vi fått lov til fra Vågå Kommune. Eg sender e-posten frå kommunen for seg sjølv.

Dei kjem til å halde seg rett attmed skiløypa som går ned mot Maurvangen, på myra der. Filmteamet er veldig opptekne av at det ikke må bli for mykle spor, for dei skal filme urørt natur, langt inne i villmarka liksom. Men i tillegg til å filme i dette området har dei lyst til å filme ei scene frå rett bak hytta til Harald Øvstedal og bore eit hol i isen i Gjende (det skal vera ei scene der ein person dett i gjennom isen). Dette blir så vidt det er inne i Jotunheimen Nasjonalpark.

Vi lovar å halde oss mest mogleg til køyring i skiløypa.

Vi forstår innvendinga om at dei godt kunne funne seg ein annan plass å filme denne scena, men filmfolk er filmfolk. Når dei får ein god ide er det ikke så lett å få dei til å tenke i andre baner. Det at det blir spelt inn ein serie med scener frå Sjodalen kan vera veldig god marknadsføring for oss som driv med turisme i Sjodalen.»

Innspelinga vil vera god marknadsføring for bedriftene i Sjodalen og for Jotunheimen generelt, og Vågå kommune har gjeve dispensasjon etter nasjonal forskrift til motorferdsellova.

Det er søkt om to dagar for å kunne tilpasse opptaka etter vertihøva, men meininga er å gjennomføre filminga på ein av dei aktuelle dagane.

Vurdering

Verneforskrifta for Jotunheimen NP set i utgangspunktet forbod mot motorferdsel, men forvaltningsstyresmakta kan vurdere dispensasjon i særskilde tilfelle:

«5.3.4. Køyring i andre naudsynte tilfelle der særlege grunnar ligg føre.»

Pkt. 5.3.4 er erstatta av naturmangfaldlova § 48 da denne lova vart sett i kraft.
§ 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er «*å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.*»

Det må vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett. Forvalningsstyremakta bør særleg vurdere konsekvensar av ein dispensasjon, t.d. om andre kan tenkast å søkje dispensasjon på same grunnlag.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av området på Gjendeosen er godt. Avgrensa snøscootertransport på isen i randsonen av nasjonalparken vil neppe påverke dyrelivet eller andre brukarinteresser.
- Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men avgrensa bruk av snøscooter på isen heilt i ytterkant av nasjonalparken ein kort periode vil ikkje kunne gje utilsikta verknader på naturmangfaldet.
- Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning” skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Forvalningsstyresmakta følger ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel i nasjonalparken, og ein ser ikkje for seg at det vil oppstå mange saker av liknande karakter. Belastninga på økosystemet er i praksis den same om ein er på eine eller andre sida av vernegrensa, med dei små avstandane ein her snakkar om.
- § 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er lite relevant.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Planlagt filmproduksjon vil truleg ikkje kunne gjennomførast utan motoriserte hjelpemiddel pga tungt utstyr og krav til høg kvalitet på opptak.

Aktiviteten vil ikkje setja varige spor, men vil gje litt støy i eit avgrensa tidsrom. Det vil i praksis vera liten eller ingen skilnad i støypåverknad om filminga skjer utanfor nasjonalparken eller inntil 100-150 meter innanfor vernegrensa. Tiltaket vert ikkje vurdert å vera i strid med formål for vernet, da det vil ha svært liten innverknad på verneverdiane. Under føresetnad av at scenen som blir spela inn ikkje viser motoriserte framkomstmiddel, kan innspelinga profilere nasjonalparken og reiselivsdestinasjonen på ein positiv måte.

Samfunnsnytten vert såleis vurdert som stor. Vågå kommune har behandla søknaden etter forskrift til motorferdsellova, og ser stor verdi for reiselivet gjennom å få vist fram området i ein produksjon med stor marknadsverdi. Ulempene for andre brukarinteresser er vurdert som minimale.

Forvalningsplanen føreset i utgangspunktet at denne typen innspelingar skal skje utanom verneområde. Det er i dette tilfellet i hovudsak eit opplegg utanom nasjonalparken, men ein ser at ein best mogleg presentasjon av fjellområdet krev ei lokalisering så vidt innanfor nasjonalparkgrensa. Det har lita praktisk betydning om denne eine scenen kjem innanfor eller utanom verneområdet. Gjende er definert som brukssone i forvalningsplanen, og aktiviteten skjer på ei tid da den ikkje er til sjenanse for andre brukarinteresser.

Spørsmålet ein må ta stilling til er såleis om ein skal kjøre hardt på prinsippet om å halde all motorferdsel utanom parken så langt det er praktisk mogleg, eller om det ut ifrå ei praktisk skjønnsutøving kan la seg gjera å opne for at nasjonalparkgrensa kan passerast med nokre meter for å få ein best mogleg presentasjon av fjellområdet. Ut ifrå den store reklameverdien dette opptaket kan få for reiselivsbedrifter i området ser ein såpass stor samfunnsverdi av å leggje til rette for ein best mogleg presentasjon at ein kan forsvare at filminga skjer i randsonen ved nasjonalparkgrensa.